


*Øystre Slidre kommune – rein naturglede!*



# PLANSTRATEGI 2024 –2027

Vedteke i kommunestyre 25. april 2024

Sak 24/195

## Samandrag

Etter plan- og bygningsloven §10-1 skal det kvart fjerde år utarbeidast ein planstrategi for kommunen. Planstrategien skal vedtakast seinast 1 år etter det nye kommunestyret har blitt konstituert. Ein planstrategi skal vurdere behovet for revidering av gjeldande planar eller nye planar i denne kommunestyreperioden. Alle planane, utanom revidering av arealplanen og klima- og energiplanen, som låg i førre planstrategi er vedtekne. Mykje av arbeidet med revidering av arealplanen vart gjennomført i perioden 2021-2023, men ferdigstilling av denne vil bli gjort i 2024. Det er ikkje lagd fram forslag om at planar skal opphevast.

Arbeidet med ny planstrategi vart sett i gang i desember 2023. Det blei sendt ut brev til nabokommunar, regionale og statlege organ med oppfordring om å koma med innspel på planstrategien innan 15.02.24. Det kom inn seks innspel. I februar blei desse tilbakemeldingane arbeid inn i dokumentet. Den 29. februar var planstrategien oppe i formannskapet, for å så bli lagt ut til offentleg ettersyn i 33 dagar. Det kom ytterlegare fem innspel etter offentleg ettersyn, fire frå same instansar som innspel før offentleg ettersyn. Planstrategien blei vedteke i kommunestyre 25. April.

Regjeringa kom med sine forventingar til kommunal planlegging i juni 2023. Dei stadfestar at vi kjem til å stå i mange vanskelege avvegingar i tida som kjem. Demografiske endringar, med fleire eldre og ein lågare del av folkesetnaden i yrkesaktiv alder, vil krevje harde prioriteringar og betre ressursbruk i det offentlege. Regjeringa vil legge til rette for busetting, næringsutvikling og god tenesteyting, spesielt i område med svakare folketalsutvikling. Regjeringa har også ambisiøse mål for klima, miljø og jordvern. 2030-agendaen med FN sine 17 berekraftsmål dekkjer alle samfunnsområde, og kan bidra til gode prioriteringar i usikre tider.


Øystre Slidre har fleire interkommunale samarbeid med nabokommunane. Dette sikrar innbyggerane gode tenester. I planstrategien er det laga ei oversikt over desse. Til slutt i planstrategien er det ein oversikt over alle planane som i denne perioden skal opp til behandling i kommunestyret. Desse er fordelt utover dei fire åra i planperioden.

Samandrag .....	2
1 Innleiing.....	4
2 Plansystemet i kommunen .....	5
2.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel .....	7
2.2 Kommuneplanen sin arealdel .....	7
2.3 Kommunedel- og temaplanar i Øystre Slidre.....	7
2.4 Erfaringar frå førre planstrategi .....	7
3 Overordna føringar.....	7
3.1 Nasjonale føringar.....	7
3.2 Regionale føringar.....	9
3.2.1 Statsforvaltaren sine innspel til Øystre Slidre kommune .....	9
3.2.2 Innlandet fylkeskommune .....	9
3.3 Interkommunalt samarbeid .....	9
4 Utviklingstrekk og utfordringar .....	10
4.1 Folkehelse .....	10
4.2 Folketalsutvikling .....	11
4.3 Næringsliv og sysselsetting .....	11
4.4 Bustadbygging.....	12
4.5 Miljø og klima .....	12
4.6 Transport og infrastruktur.....	12
4.7 Langsiktig arealbruk .....	13
4.8 Kommunal tenesteyting.....	13
5 Prioritering av planoppgåver.....	14
5.1 Planoppgåver 2024-2027 .....	16

## 1 Innleiing

Etter plan- og bygningslova §10-1 skal kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Vidare seie loven at planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, medrekna langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektoren si verksemd og ei vurdering av kommunen sine planbehov i valperioden. Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar. Kommunen bør også leggje opp til brei medverknad og allmenn debatt som grunnlag for handsaminga.

Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjerast offentleg minst 30 dagar før kommunestyret si handsaming. Ved handsaminga av planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan (arealdelen og/eller samfunnsdelen) eller deler av denne skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar. Kommunestyret kan også ta stilling til om det er behov for å sette i gang arbeid med nye arealplanar i valperioden, eller om gjeldande planar bør reviderast eller opphevast. Det skal ikkje vera konkrete tiltak i planstrategien. Tiltak blir i hovudsak utarbeida gjennom tema- og fagplanar og i økonomiplanen.



Figur 1. Det kommunale plansystem.

Kommunal planstrategi er eit verktøy for det nye kommunestyret for å vurdere kommunen sine utfordringar og planbehov i perioden, slik at me kan leggje til rette for ynskja og målretta utvikling i kommunen. Planstrategien viser dei planane som kjem til politisk handsaming i kommunestyret i planperioden. I tillegg vil det vera kommunale planar som kommunedirektør utarbeidar for verksemda og planar som kontinuerleg krev oppdatering, m.a. fleire planar innan beredskap. Det skal vurderast både interne og eksterne utfordringar og utviklingstrekk som kan få betydning for kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutviklinga. Planstrategien skal ikkje vera meir omfattande enn nødvendig. Planstrategien har inga direkte rettsverknad for innbyggjarar og næring.

Planstrategien skal gjere greie for:	Kommuneplanen skal gjere greie for:
Status, utviklingstrekk og trendar	Mål – kvar vil me?
Hovudutfordringar og moglegheit	Strategiar – kva skal til for å koma der?

Figur 2. Planstrategien og kommuneplanen.

## 2 Plansystemet i kommunen

Eit godt plansystem er viktig for å sikre gjennomføring av vedtekne mål.

**Kommuneplanen** er ein sektorovergripande plan som er kommunen sitt overordna styringsdokument og som gjev rammer for utvikling av samfunnet, forvaltning og bruk og vern av arealressursane. Kommuneplanen definerer visjon, verdigrunnlag, langsiktige mål og strategiar og skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien. Kommuneplanen legg retningslinjer for vidare arbeid og skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål. Kommuneplanen er den samla planen med samfunnsdel og arealdel, i tillegg skal kommuneplanen ha ein økonomiplan med handlingsdel som viser korleis planen skal følges opp dei fire neste åra. Gjennom økonomiplan vert årlege ressursar tildelt for oppstart og gjennomføring av prioriterte tiltak. Kommuneplanen skal ut på høyring, slik at alle får moglegheit til å medverke i planarbeidet.

**Kommuneplanen sin samfunnsdel** er det langsiktige og overordna styringsverktøyet, oftast spesifisert for ein 12 års periode. Her tar kommunen stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for lokalsamfunnet i heilskap og kommunen som organisasjon, og blir dermed grunnlag for kommunen sitt anna planarbeid. Ved revidering av samfunnsdelen av kommuneplanen vil kommunestyret gjennom arbeidsgrupper og dialogmøte utvikle mål og strategiar for kommunen. For viktige satsingsområde og ”tunge investeringar” må samfunnsplanen vere robust og ha eit 50 års perspektiv. Skal ein få best mogleg

nytte av planen er det viktig at ein tek omsyn til kommunen sin økonomi og at planen er handlingsretta. Handlingsdelen av samfunnsdelen vert revidert årleg gjennom handsaming av økonomiplanen.

**Kommuneplanen sin arealdel** skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen skal vise hovudtrekka i arealdisponeringa og rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som skal settast i verk, og kva omsyn som må takast vare på ved disponeringa av areala. Arbeidet med arealdelen av kommuneplanen og områdeplanane vil bli leia av formannskapet, slik dette er regulert i lovverket. Arealdelen skal omfatte plankart, føresegn og planskildring der det går fram korleis nasjonale mål, retningslinjer og overordna planer for arealbruk er ivaretatt. Arealdelen blir aktivt nytta ved vurdering av byggjesøknader, dispensasjonssøknader og framlegg til reguleringsplanar.

**Kommunedelplan** er ein overordna plan som kan utarbeidast for eit tema eller verksemdsområde. Kommunedelplanane som gjeld for tema eller verksemdsområde skal ha handlingsdel som skal rullerast årleg. Kommunedelplanar må fylgje sakshandsamingsreglane om planprogram, medverknad og høyring.

**Reguleringsplan** er detaljert arealplankart med utfyllande føresegner for bruk, utforming av areal, fysiske omgjevnader og vern. Reguleringsplanar kan utformast som områderegulering eller detaljregulering.

**Områderegulering** er ein kommunal reguleringsplan heimla i kommuneplanen sin arealdel, og legg til rette for vidare planlegging, utvikling, bygging og vern av eit område. Private kan også utarbeide framlegg til områdeplan. **Detaljregulering** vert brukt for å fylgje opp og konkretisere overordna arealdisponering i kommuneplanen sin arealdel. Kommunestyret skal sjå til at detaljregulering vert utarbeidd for dei områda og/eller tiltak som er vedteke i arealdelen og der det elles er behov for å sikre forsvarleg planavklaring.

**Temaplanar** er planar for ulike fagområde eller tema som skal omtale utfordringar på det aktuelle temaet. Planen skal fastsette mål og definere strategiar og tiltak for å nå måla. Ved utarbeiding av nye temaplanar eller ved revidering av eksisterande temaplanar vil det vera ein kommunestyrekomité som følgjer planarbeidet og som tilrår kva plan som skal vedtakast for kommunestyret. Denne typen plan er ikkje juridisk bindande. Plan- og bygningsloven gjev ingen klare føringar på denne typen planar, men det er ofte vanleg at dei følgjer prosessen etter plan- og bygningsloven.

**Dispensasjon frå plan** er eit unntak frå plan. Blir det mange dispensasjonar frå ein aktuell reguleringsplan eller arealdelen bør kommunen sjå på om ein skal endre planen framfor å dispensere frå plan eller gjere endringar i planforslag slik at det ikkje strider mot planen.

**Utbyggingsavtale** er ein avtale mellom kommunen og grunneigar og/eller utbygger om utbygging av eit område. Utbyggingsavtaler må ha grunnlag i kommunale vedtak, som viser i kva tilfelle ein utbyggingsavtale er ein føresetnad for utbygging. Øystre Slidre kommune sin bruk av utbyggingsavtaler er utdjupa i kommuneplanens arealdel.

## 2.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel

Øystre Slidre kommune sin samfunnsdel blei vedteken av kommunestyret i 2020. Samfunnsdelen skal få ein enkel revidering etter at arealdelen er vedteken, då kommuneplanens arealdel, som blir vedteken tidleg i denne perioden, baserer seg på samfunnsdelen vedtatt i 2020. Samfunnsdelen tek for seg kommunen sine utfordringar, mål og strategiar i åra framover. Samfunnsdelen vil innehalde ein handlingsplan og ein næringsstrategi.

## 2.2 Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanens arealdel er under revisjon og skal vedtakast denne planperioden. Gravfjellsplanen og kommunedelplan for Beitostølen har i revisjonen vorte slått saman med ein arealdel for heile kommunen. Har kommunen t.d. mange dispensasjonar frå arealdelen på enkelte områder bør me sjå på om desse delane av planen bør reviderast eller at behovet er større etter me har revidert samfunnsdelen.

## 2.3 Kommunedel- og temaplanar i Øystre Slidre

Det er også utarbeida fleire kommunedel- og temaplanar innanfor helse, stig- og løyper, idrett, vatn og avlaup osv., som har følgd prosessen til plan- og bygningsloven. Fleire av desse planane vil bli revidert i perioden. Det vil også bli utarbeida nye planar dei neste åra, blant anna kommunedelplan for naturmangfald.

## 2.4 Erfaringar frå førre planstrategi

Alle planane, utanom revidering av arealplanen og klima- og energiplanen, som låg i førre planstrategi er vedtekne. Mykje av arbeidet med revidering av arealplanen vart gjennomført i perioden 2021-2023, men ferdigstilling av denne vil bli gjort i 2024. Arbeidet med klima- og energiplanen vart utsett som følgje av redusert administrativ kapasitet m.a. som følgje av pandemien. Det er viktig å ha gode planar, men dei lyt heller ikkje vera for ambisiøse og detaljerte slik at me ikkje klarar å følgje dei opp.

# 3 Overordna føringar


## 3.1 Nasjonale føringar

Det vart i Kongeleg resolusjon av 20.juni 2023 vedteken eit nytt dokument som klargjer dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging 2023-2027. Nasjonale forventningar er forankra i plan- og bygningsloven § 3-5 og § 6-1. Forventingane skal leggjast til grunn for kommunestyret sitt arbeid med kommunale planstrategiar og planar. Dei nasjonale forventingane er retningsgjevande, men ikkje bestemmende.

For perioden 2023-2027 har regjeringa vektlagt fem hovudområde:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnssikkerheit og beredskap

I 2015 vart 2030-agendaen med dei 17 berekraftsmåla vedtatt av alle FNs medlemsland. FN sine berekraftsmål ligg i botn og skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i utfordringane (Figur 3). Dei 17 berekraftmåla er difor ein viktig del av grunnlaget i planlegginga i Øystre Slidre kommune. Måla legg vekt på å fremje sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.



Figur 3. Berekraftmåla til FN ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng.

Planlegging er eit viktig verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling. Med aktiv og god planlegging kan ein skape eit trygt og berekraftig sosialt samfunn for alle i kommunen. Det er viktig at arealdelen er oppdatert slik at reguleringsplanarbeidet blir lettare. Regjeringa vil at kommunane prioriterer arbeidet med planstrategi for å sikre at planane er oppdaterte og møter dei framtidsbehova kommunen har. Arealendringar er den største trusselen for artsrikdomen og naturen. Skal kommunane stå betre rusta opp mot dette krev det samarbeid over grenser.

Dei vil ha fokus på ressursbasert næringsutvikling og verdiskaping, og eit grønt og berekraftig næringsliv, i alle deler av landet. Større aktivitet innanfor dei berekraftige rammene. Jordvern står i fokus. Regjeringa ynskjer ei fortetting av hyttefelt, slikt at andre naturområde blir skjerma og at kommunane har langsiktig utbyggingsgrenser mot fjellet. Regjeringa ynskjer at kommunane skal leggje til rette for meir sykling og gåing i kvardagen.

Regjeringa ynskjer at det skal vere kvalitet i dei fysiske omgjevnadane og at kommunane legg til rette for stadidentitet og positive opplevingar i sentruma. Regjeringa meiner det er viktig med levande sentrumsområde og ynskjer at kommunane skal ha tydeleg avgrensa sentrum. Kulturlivet er viktig for kvardagsintegrering. Dette kan mellom anna vere med å motverke og førebyggje opphoping av levekårsutfordringar. Norge skal bli eit lågutsleppsamfunn. Her må Øystre Slidre kommune vera med å



bidra slik at me oppnår reduksjon av klimagassutslepp. Det er viktig å sikre områder som våtmarker, myrer, elvebreidder og skog fordi dette kan vera med å dempe effekten av klimaendringane og følgjene av ekstremvêr. Klimatilpassing og samfunnssikkerheit er viktige utfordringar å ha fokus på inn i framtida. Det er difor viktig å ha ei vurdering av klimaendringane si verknad på kommunen.

## 3.2 Regionale føringar

### 3.2.1 Statsforvaltaren sine innspel til Øystre Slidre kommune

Statsforvaltaren i Innlandet kom med sitt kommunebilete for Øystre Slidre kommune 1. September 2022. I kommunebilete samanfattast korleis Statsforvaltaren oppfattar status og utfordringar på sentrale fagområde i kommunen. Øystre Slidre kommune mottek også 16.02.23 eit brev med innspel til revideringa av planstrategien. Talet på personar i yrkesaktiv alder 20-66 år per 80-åring endrar seg frå 12,4 i 2020 til 4,4 i 2040. Den demografiske utviklinga gir utfordringar når det gjeld rekruttering og kompetanse. Statsforvaltaren oppmodar om ein offensiv satsing på strategisk kompetanseplanlegging.

Kommunen har ein regional energi- og klimaplan, med ein tiltaksplan som ikkje har vore oppdatert sidan 2010. Statsforvaltaren oppmodar om å oppdatere denne eller integrere den i kommuneplanens samfunns og arealdel.

Ei av Statsforvaltaren sine viktigaste oppgåver er å passe på at alle skular gjer sitt beste for at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø. Statsforvaltaren oppmodar kommunen til å involvere barn og unge i arbeidet med dette.

Statsforvaltaren stillar eit par spørsmål rundt miljø, og da med tema som vassforvaltning og forureining. For vidare regulering og utbygging er det ein føresetnad at kommunen kan dokumentere tilstrekkeleg kapasitet på leidningsnett og reinseanlegg, og at krava til utslepp overhaldast

### 3.2.2 Innlandet fylkeskommune

Både Statsforvaltaren i Innlandet og fylkeskommunen i Innlandet utarbeider forventingar til kommunane si planlegging. Regional planstrategi som blir utarbeida av fylkeskommunen i Innlandet er einaste obligatoriske planverktøyet på regionalt nivå. Fylkeskommunen er i gang med sin planstrategi og ferdigstillar denne i 2024. Fylkestinget i Innlandet vedtok tre nye regionale planer våren 2023:

- Regional plan for klima, energi og miljø
- Regional plan for samfunnstryggleik
- Regional plan for det inkluderande Innlandet

Disse og fleire regionale planar skal leggest til grunn for kommunal og statleg planlegging og drift i regionen, jf. plan- og bygningsloven §8-2.

## 3.3 Interkommunalt samarbeid

Dei seks valdreskommunane har over lang tid hatt eit interkommunalt samarbeid. Vi er deltakarkommune i interkommunale samarbeid på fleire tenestemråde. Nord-Aurdal kommune er vertskommune for mange av desse tenestene. Tenestene er organisert etter kommunelova §§ 18, 19 og 20, eller som IKS eller AS. Samarbeid gjev betre kvalitet i tenestene og sikrar innbyggjarane gode tenester, der kommunen åleine ikkje vil kunne tilby det same. Under er det lista opp det interkommunale samarbeid i regionen.

Interkommunale/regionale samarbeid	
Regionrådet i Valdres – interkommunalt politisk råd	§ 18
Valdres natur- og kulturpark – kommunalt oppgåvefelleskap	§ 19
Valdres friluftsråd - kommunalt oppgåvefelleskap	§ 19
Barnevern	§ 20
NAV-Valdres	§ 20
Valdres lokalmedisinske senter/Legevakt	§ 20
PPT	§ 20
IKA Opplandene – interkommunalt arkivsamarbeid	§ 27
Valdres brann og redningsteneste (VBR)	IKS
Valdres kommunale renovasjon	IKS
VLMSe	IKS
IKT Valdres	IKS
Valdresmusea	AS-lova
Valdres energiverk	AS-lova
Vassområdekoordinator (Sør-Aurdal)	Samarbeidsavtale
Innkjøpskoordinator (Sør-Aurdal)	Samarbeidsavtale <sup>1</sup>
VGIS	Samarbeidsavtale
Kommunepsykolog (Vestre Slidre)	Samarbeidsavtale
FACT	Samarbeidsavtale

<sup>1</sup> under vurdering

## 4 Utviklingstrekk og utfordringar

### 4.1 Folkehelse


God folkehelse blir mellom anna skapa gjennom god samfunnsutvikling og tilrettelegging slik at innbyggerane tek gode helseval. Det er viktig å drive med førebyggjande arbeid alt frå barnehagealder. Det blei sist arbeid ut ein folkehelseoversikt i 2023/24, denne vil reviderast i kommande periode.

#### Utfordringar:

- Høgare antibiotikabruk enn elles i fylket og landet
- Fleire innbyggjarar eldre enn 45 år som leiger bustad
- Unge utførar mindre fysisk aktivitet enn elles i fylket og landet.
- Fedme og overvekt blant unge
- Muskel og skjelettplager, høgare enn elles i landet.

## 4.2 Folketalsutvikling

Folketalet i Øystre Slidre kommune har vore stabilt, til svakt stigande i lang tid. I tredje kvartal 2023 var det registrert 3281 innbyggjarar, mot 3231 innbyggjarar i 2019. Statistisk sentralbyrå forventar eit innbyggjartal på 3288 i 2030. I kommunen er det 4911 hytter og fritidsleilegheiter, og det faktiske innbyggjartalet er store deler av året mykje høgare. Dette kan gi auka trykk på helse- og omsorgstenester inn i framtida, men og på infrastrukturen. Det har dei siste åra, vore ein svak oppgang på menneske som er 70 år og eldre. Denne oppgangen vil halde fram.



### Utfordringar:

- Innbyggjarane leve lenger. Dette kan gi auka press på helse- og omsorgstenestene og eit behov for auka tal årsverk innanfor helse- og omsorgstenestene.
- Deltidsinnbyggjarane vil truleg gi eit auka press på helse- og omsorgstenester.
- Lågare skatteinntekter grunna fleire eldre og færre i arbeid.

## 4.3 Næringsliv og sysselsetting

I Øystre Slidre kommune arbeidar flest med varehandel, hotell og restaurantbransjen m.m., medan helsetenester og sekundærnæringer kjem på andre og tredje plass (ssb.no, 2019). Eit levande næringsliv og eit godt tilbud av arbeidsplassar er viktig for ei positiv utvikling av folketalet. Viss kommunen ynskjer tilflytting er det viktig å tilby interessante og spennande stillingar, men og fulltidsstillingar.

### Utfordringar:

- Korleis leggje til rette for næringsverksemd i kommunen?
- Korleis få folk flest til å bruke mest mogleg lokalt?

- Flest moglege fulltidsstillingar.
- Å få tak i rett kompetanse.
- Rekruttering til primær- og sekundærnæringsane.

#### 4.4 Bustadbygging

Kommunen ynskjer å ha fokus på sentrumsutvikling og utvikle Heggenes som eit tydelegare kommunesenter og Beitostølen med sine urbane kvalitetar som senter for deltidsinnbyggjarar, tilreisande og fastbuande. Det har i ei tid vore ynskje frå eldre om overgang til mindre og meir lettstelte bustader og til yngre som ynskjer å kome seg inn på bustadmarknaden. Kommunen skal til ein kvar tid ha ferdigregulerte bustad- og næringsområde, slik at det er enkelt for nye innbyggjarar og næringsdrivande å etablere seg. Øystre Slidre kommune må leggje til rette for aldersvennlege samfunn, slik at eldre blir mindre avhengig av hjelp og kan bu heime lenger.

##### Utfordringar:

- Få bygd leilegheiter i rett størrelse til eldre og yngre.
- Sentrumsutvikling i Heggenesområdet.
- Skape gode bumiljø.

#### 4.5 Miljø og klima

Ei endring i klima gjer at kommunen må ta innover seg at det vil bli våtare, varmare og villare vêr. Kommunen har eit stort ansvar for å vere med å bidra med å redusere klimautsleppa. Dette vil også påvirke korleis me driv næring. I tillegg må Øystre Slidre kommune leggje best mogleg til rette for at alle innbyggjarane kan ha ein mest mogleg miljøvennleg kvardag, gjennom arealplanlegging og andre tiltak.

##### Utfordringar:

- Ekstremvêr, særleg overvatn, men og tørke og skred. Kva tiltak er nødvendige for å betre sikra oss mot ein våtare og varmare klima?
- Leggje til rette for at innbyggjarane kan ha ein mest mogleg miljøvennleg kvardag.
- Leggje til rette for mindre bilbruk og meir sykling og gåing.
- Korleis ha ein gjennomgåande klimavennleg innkjøpspolitikk?
- Fortetting av hytteområda.
- Kommunedelplan for naturmangfald
- Arealregnskap

#### 4.6 Transport og infrastruktur/energiforsyning

Det er eit mål å få bygd gang- og sykkelstig langs fylkesveg 51 gjennom heile kommunen. Trafikkavvikling og parkering på Beitostølen har utfordringar, men det er planar som vonleg vil betre situasjonen. Kommunen arbeider for at flest mogleg skal koplatt til offentleg vass- og avløpsanlegg. I fjellområda vil

kommunen arbeide for at me skal ha ein infrastruktur som gagnar miljøet og reduserer forureiningsfaren og legg til rette for fortetting og meir berekraftig utbygging.

**Utfordringar:**

- Byggje vidare på gang- og sykkelstig langs fylkesveg 51.
- Få til god trafikkavvikling på Beitostølen
- VA-anlegg i hytteområda.
- Uventa hendingar som rammar infrastrukturen.
- Eit godt kollektivtransport tilbod.

Auka behov for fornybar energi er eit viktig tema i det grønne skifte. Kommunen som planmyndigheit kan legge til rette for auka produksjon og distribusjon av fornybar energi. Tilgang på fornybar energi vil vera eit lokaliseringkriterium for ei rekke verksemdar. Vi legg ikkje opp til ei eigen temaplan om energi, men temaet vil bli teke opp for drøfting i kommunestyret og formannskapet, og er relevant m.a ved revidering av samfunnsplanen og i ny arealplan.

#### 4.7 Langsiktig arealbruk

Kommunen skal behalde den langsiktige utbyggingsgrensa opp mot fjellet og arbeide med fortetting av eksisterande hytteområde. Det er eit mål å unngå omdisponering av dyrka og dyrkbar jord, men i nokre tilfelle er det samfunnsøkonomiske behovet større, til dømes kan dette vere aktuelt ved vidare utbygging av gang- og sykkelveg langs fylkesveg 51 og fortetting av sentra. Langsiktig planar for arealbruken gjev føreseielegheit for innbyggjarane og utbyggjarane.

**Utfordringar:**

- Hyttebygging i eit areal/miljøperspektiv.
- Unngå omdisponering av dyrka og dyrkbar jord.
- Optimal utnytting av areala uavhengig av kommunegrenser.
- At arealforvaltninga gjer at det er attraktivt å bu kommunen, samtidig som ein tek vare på naturmiljøet.
- Ta vare på naturtypar som hemmar effekten av ekstremvær og endringar i klimaet.

#### 4.8 Kommunal tenesteyting

Utviklinga på tal innbyggjarar har mykje å sei for kva tenester kommunen kan og skal tilby. Øystre Slidre kommune har fleire interkommunale tenestesamarbeid, som gjer at kommunen kan tilby dei tenestene som er lovpålagt og forventa.

**Utfordringar:**

- Sunn kommuneøkonomi.
- Det vil bli mindre overføringar frå statleg hald.

- Klarar kommunen å takle uventa hendingar?
- Å ha gode tenester i ein liten kommune – ha riktig, nok og god kompetanse.

## 5 Prioritering av planoppgåver

Kommuneplanens samfunnsdel vart vedteke i 2020. Denne seier noko om grunnlag for vidare planarbeid og heng i hop med arealdelen og er høgt prioritert. Samfunnsdelen vil få ein enkel revidering i starten av planperioden, seinast før handsaming av ny arealdel av kommuneplanen. Klima- og miljøomsyn vil bli synleggjort enno sterkare ved revidering av samfunnsplanen. Det er utarbeida ein næringsstrategi, kor landbruket er trekt inn som ein del av strategien. Landbruket er sentral for moglegheiter og rammevilkår for andre viktige næringsområde. Samfunnsdelen i kommuneplanen med ein strategisk og operativ næringsstrategi, godt forankra politisk, vil lette og målrette det samla næringsarbeidet.

Ein revisjon av kommuneplanens arealdel skal vedtakast tidleg i denne planperioden. Arealdelen skal få fram hovudlinjene i arealpolitikken tydelegare og følgje opp samfunnsdelen. Det er også tenkt at vi gjennom føresegner i arealdelen skal gjera det lettare å nytte hytter til bustad der det ligg til rette for det. Kommunen ynskjer og meir fokus på miljø og infrastruktur i arealdelen. I den reviderte arealdelen er det laga ei utbyggingsgrense som går gjennom heile kommunen. Nytt for denne arealdelen er at det er utarbeida eit arealrekneskap som gir ei oversikt over kor mykje LNF-areal som går inn og ut av planen.

Øystre Slidre kommune har hatt eit prosjekt for busetting, innovasjon og næringsutvikling. Prosjektet hadde som overordna mål å styrke grunnlaget for næringsutvikling og befolkningsauke i kommunen. Kommunen har også gjennomført to moglegheitsstudiar, eit for Heggnes og eit for Beitostølen sentrum. Sentralt i dette er kva bu tilbod kommunen må ha, for å auke tilflytting og busetting. Det er vanskeleg å få til god sentrumsutvikling i kommunen, då skule, barnehage, idrett, kommunehus og omsorgssenter er plassert rundt omkring, og samlokalisering på kort sikt ikkje er mogleg. Innbyggjarane blir heilt avhengig av bil for å få kvardagen til å gå opp. Difor er det viktig i vidareutvikling og utbygging av nye område at kommunen tenkje over t.d. avstandar og korleis nybygg kan knyte sentruma tettare i hop, slik at me reduserer transportbehovet. Forsking har vist at er det lenger enn 800 meter frå eit tilbod til heimen vil dei fleste velje å ta bilen. Desse utgreiingane fungerer som eit underlag i både areal- og samfunnsdelen og til nye reguleringsplanar i områda.

Kommunedelplanane for Gravfjellet og Beitostølsområdet er under revisjonen av kommuneplanens arealdel og vert innarbeidd i arealdelen.

Det er behov for ei revidering handlingsprogrammet i VVA-planen (sist revidert 29.4.2021) i samsvar med ny arealdel av kommuneplanen som skal vedtakast i 2024. Vi vil difor leggje opp til ei enkel revidering av handlingsprogrammet, medan resten av plandokumentet ikkje treng revisjon i denne kommunestyreperioden.

Helse- og omsorgsplanen skal reviderast i 2025 og vil mellom anna ivareta områda demens og bustadsosialt arbeid.

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er eit verktøy for å styre utbygging av idrettsanlegg og område for friluftsliv og idrett i kommune. For å kunne søkje om spelemiddel til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, må tiltaka vera omtalt i vedteken plan. Gjeldande plan er frå 2021 og gjeld til 2024 og har ein tiltaksplan som blir rullert/vurdert kvart år utifrå innkomne søknadar. Planen blir revidert i 2025.

Oppvekstplanen for Øystre Slidre kommune er ein temaplan som skal gje langsiktige mål innanfor oppvekstfeltet. Planen skal rullerast kvart fjerde år og gjeldene plan skal reviderast i 2026. Planen blir følgt opp med ein handlingsdel som blir revidert kvart år i samband med økonomiplanen. Handlingsdelen konkretiserer prioriterte område for utviklinga i planperioden. Oppvekstplanen skal ivareta alle barn og unge i kommunen, men vil ha eit hovudfokus på dei yngste og førebyggjande tiltak. I tillegg skal den ivareta planen kommunane må ha for førebyggjande arbeid innan oppvekstreforma. Her vil det vera fokus på korleis ein skal kunne gå tidleg inn og hjelpe dei mest sårbare borna og unge i samfunnet vårt.

Endringa i klimaet har fått eit mykje større fokus dei siste 10 åra. Dette er vår tids største utfordring, men og ei utfordring som er vanskeleg å sjå og ta tak i. Med å innarbeide Energi og klimaplanen i kommuneplanane vil kommunen stå betre rusta for desse utfordringane, men og kunne vere med å bidra til reduksjon av klimagassutslepp. Kommunehuset på Tingvang skal resertifiserast som miljøfyrtårn i 2024. Kommunen jobbar med å vidareutvikle Klima+ og integrere klimasatsing inn i alle ansvarsområda. Øystre Slidre er og med i fleire prosjekt om meir miljøvennleg fritidsbustadutvikling.

Trafikktryggleik er ein viktig kommunedelplan, med to tiltaksplanar. Ein på fysiske tiltak i og langs vegen og ein på ikkje fysiske tiltak som handlar om haldningsskapande og førebyggjande arbeid. Den fysiske planen går ut i 2025, og må reviderast i 2026. Det er krav om gyldig trafikktryggleiksplan for å delta i «trafikkikker kommune» og for å søkje om tiltak under skulevegordninga.

Sti- og løypeplanen vart vedteken i 2022, og er gjeldande for 2022 – 2026. Denne planen treng eit nytt samla kart for alle stig- og løypetypar. Dette gjer det enklare både for brukara eksternt, men og enklare å arbeide med saksbehandling internt. Stigar og løyper er lagt inn i den reviderte arealdelen til kommuneplanen.

Kulturminneplanen blei vedtatt i 2021 og skal reviderast i 2024/25. Ein kulturminneplan skal mellom anna gje eit forslag til forvaltning og skjøtsel av kulturminna, ei omtale av kulturminna og kart av kor dei er. Ein tiltaksplan skal foreslå tiltak for vidare registrering, forvaltning og formidling av kulturarven.

Beitebruksplan har som formål å dokumentere beitebruka i utmark, synleggjera verdiskapinga, vera eit grunnlag for anna planarbeid i kommunen og koma med tiltak som styrkar beitebruka og reduserer konfliktnivået. Utmarksbeiting er ein viktig del av ressursgrunnlaget for landbruket i Øystre Slidre. Gjeldande beitebruksplan gjeld til og med 2026. Revisjonen av beitebruksplanen startar opp i 2024. Ein viktig del av denne revisjonen er å utarbeide beitefremjande tiltak på Hedalsstølane.

Kommunen har etter alkohollova sin § 1-7d plikt til å utarbeide alkoholpolitisk handlingsplan. Alkohollova gir rammene for korleis kommunen skal forvalte alkoholpolitikken, innafor rammene skal kommunen utforme sin eigen lokale alkoholpolitikk. Helsedirektoratet anbefalar at planen blir utarbeidd som ein del av ein heilskapleg rusmiddelplan og at den blir handsama i kvar kommunestyreperiode. Denne blir revidert tidleg i 2024.

Busettings- og integreringsplan vil vera eit verktøy i arbeidet med å gi flyktningar moglegheit for deltaking, opplæring, yrkeserfaring og inntektssikring. Det er kommunen som har ansvar for å leggje til rette for busetting og integrering. Som ei delplan under helse- og omsorgsplanen skal det lagast ein bustadsosial handlingsplan. Busettings- og integreringsplanen vert vidareført inntil planen blir revidert i 2025/26.

Gjeldande mål og retningslinjer for hjorteviltforvaltninga vart revidert i førre periode, og varar til og med 2026. Revideringa skal starte opp i 2026.

Etter kommunelova §26-1 skal kommunen minst ein gong i kvar valperiode utarbeide ein eigarskapsmelding der me seier noko om kommunens prinsipp for eigarstyring og utarbeider ei oversikt over dette. Eigarskapsmeldinga reviderast i 2026.

Kommunen skal ha ei skriftleg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan virke inn på denne. Det skal utarbeidast eit samla oversiktsdokument kvart fjerde år som skal ligge til grunn for det langsiktige systematiske folkehelsearbeidet. Dokumentet skal ligge føre ved oppstart av arbeidet med planstrategien og danne grunnlag for fastsetjing av mål og strategiar. Folkehelseoversikten ble sist handsama i 2019 og blir revidert i starten av 2024 og i 2027.

Heilskapleg ros-analyse ligg som underlag for alle planar i kommunen og skal oppdaterast kvart 4.år. Den heilskaplege ros-analysen for Øystre Slidre kommune ble revidert tidleg 2024.

Øystre Slidre kommune vil i den neste perioden utvikle ein ny plan; kommunedelplan for naturmangfald.

## 5.1 Planoppgåver 2024-2027

R= Revidere og N = Ny.

<b>Kommuneplan</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	<b>Periode ny plan</b>
Planstrategi	R				2024-2027
Kommuneplanen – samfunnsdel med næringsstrategi	R				2024-2036
Kommuneplanen – arealdelen	N				2024-2036
<b>Kommunedelplanar</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	
Vassmiljø, vassforsyning og avløp – handlingsdelen		R			2025-2037
VVA – Handlingsplan for spreidd avløp		R			2025-2037
Helse og omsorg, inkl. demens og bustadsosialt arbeid		R			2025-2029
Idrett og fysisk aktivitet		R			2025-2029
Oppvekst			R		2026-2030
Kommunedelplan for naturmangfald		N			2025-2037
Trafikktryggleik			R		2026-2030
<b>Temaplanar</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	
Stig- og løypeplan			R		2026-2030
Kulturminneplan			R		2026-2038
Beitebruksplan	R				2024-2028
Alkoholpolitisk handlingsplan	R				2024-2027
Busettings- og integreringsplan		R	R		2026-2030
Hjorteviltplan – mål og retningslinjer				R	2027-2031
Eigarskapsmelding			R		2026-2030



Heilskapleg ros-analyse	R				2024-2027
Folkehelseoversikt	R			R	2024-2027
<b>Forskrifter</b>					
Forskrifta for tilknytning til vatn og/eller avløp, samt gebyr	R				
Forskrift om feiegebyr	N				
Forskrift sjølvkost NPB		N			